

Sivilombodet



FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Molde, 10 okt. 2023

Om motorisert ferdsel i Geitådalen i Åmotan-Grøvudalen LVO

Bakgrunn

Frilufts- og naturvernorganisasjonane i Møre og Romsdal (FNF) har ved fleire høve gjort kommunane i fylket og andre merksame på dei negative konsekvensane av å ha frislepp av snøskuterkjøring. Vidare har vi påpeikt at i Noreg ønskjer dei fleste å favorisere det enkle friluftslivet og at område utan støypåverknad er ein svært verdifull kvalitet som det er viktig å ta vare på. FNF har bedt om at ein er bevisst det ansvaret vi har for å føre vidare dei gode norske friluftstradisjonane basert på ein ikkje-motorisert ferdsel i norsk natur.

Vi er gjort merksam på ei rettsleg avgjerd avsagt den 28. mars i år i Møre og Romsdal Tingrett (Sak nr.: 23-046927TVI-TMOR/TKRU, sjå vedlegg). Vi har prøvd å få innsyn i dokumenta som hører til saka, men har fått avslag på begjæringa om innsyn (sjå vedlagt epost). Vidare har vi fått opplyst av Møre og Romsdal jordskifterett at det pr 25. august 2023 ikkje er meldt inn noko jordskiftesak knytt til denne saka (sjå vedlagt epost i oversending).



Saka handlar om ein grunneigar som har nekta andre (hytteeigarar) motorisert ferdsel over eigedomen sin på Dovrefjell. Dette er motorferdsel på snø til hytter i fjellet. Hytteeigarane har tatt saka til rette, og har med tingrettsdommen fått rett til å nytte motorisert ferdsel over den aktuelle eigedomen etter veglova.

Vi meiner det er fleire forhold ved denne saka som ålmenta har interesse av, og har forsøkt å få greie på kva for offentleg instans som kan gje oss svar i rettsspørsmålet.

Vi sendte difor den 6. september i år fleire spørsmål til Miljødirektoratet (sjå vedlegg). Den 20. september i år mottok vi svar frå Miljødirektoratet (sjå vedlegg) som vi er usikre på korleis vi skal tolke. Domstoladministrasjonen (DA) er heller ikkje rett instans. Sidan vi ikkje har funne nokon annan offentleg etat som kan hjelpe, sender vi difor spørsmålet til Sivilombodet.

Rettsspørsmål – om retten til motorisert ferdsel i utmark

- Er det brukt rett rettsgrunnlag i denne saka?

Forbodet mot motorferdsel i utmark (Motorferdselloven) er av offentligrettsslig og ikkje privatrettsslag karakter. Det skal det mykje til før nokon kan påberope seg noko rettsgrunnlag til å overprøve ein grunneigar sin rett til å nekte motorisert ferdsel på sin grunn etter lova (motorferdsellova § 10).

Motorferdselslova gir grunneigaren rett til å bestemme over eigen eigedom. Og det er sikker rett at grunneiger kan nekte motorferdsel på sin eigendom sjølv om kommune eller stat opnar for slik ferdsel (sjå Karnov lovcomm. lagt ved). Høgsterett har vidare handsama forholdet til hevd; «*Forbudet mot motorferdsel i utmark er av offentligrettsslig karakter og kunne ikke falle bort ved hevd.*» (sjå HR-2015-2551-U – Rt-2015-1495).

Vår oppfatning er at det ikkje lov å ikkje behandle ei sak om motorisert ferdsel i utmark utan å nytte Motorferdselslova.

I tingrettsdom i Sak nr.: 23-046927TVI-TMOR/TKRU har dommaren brukt veglova. Vi reagerer på dette. Veglova er ikkje tenkt å vere lova som styrer motorisert ferdsel i utmark (sjå vedlagt frå Karnov lovkommentarer). Å gi nokon rett til å ferdast med motoriserte køyrety mot grunneigars vilje med heimel i Veglova, som denne saka handlar om, verkar å vere feil lovanvending.

Vi ber Sivilombodet om ei vurdering av lovanvendelsen.

- Naturen og grunneigar sitt rettsvern



FNF sine medlemsorganisasjonar er avhengig av mest mogleg opne prosessar for å kunne medverke og reagere på feil i forvaltinga. Vi er avhengig av at alle dei prosessar som skal vere offentlege / er av offentleg interesse vert haldne opne.

Det er derfor djupt problematisk at vi ikkje får innsyn i denne saka hos domstolane. Denne saka er av stor prinsipiell betydning for naturmanfaldet. Det er jo nett no, med Naturavtalen og FN sitt 10-år for naturrestaurering, særskilt viktig å kunne få innsyn i slike saker som dette. Det gjeld mellom anna villreinen i Dovrefjell si moglegheit for vidare eksistens. Denne mistar vi om vi ikkje har ein open prosess som går utanom rettslokalet.

Om ein grunneigar til Dovrefjell ynskjer å nekte motorisert ferdsel på eigen grunn av omsyn til naturen, så blir han med dette standpunktet, «straffa» med ei bot på kr 14 000, som i dette tilfelle blir kalla saksomkostningar. Kva skjedde her med retten grunneigar har etter motorferdsellova § 10 til å nekte motorisert ferdsel?

Dette er jo fort noko som bør vurderast både i høve til menneskerettane. Det er ingen menneskerett å køyre med motorisert farkost i utmark i landet vårt, men det er ein menneskerett å forvalte sin eigen grunn.

Vi ønskjer at FNF sine medlemsorganisasjonar - og enkeltindivid som tør å tenkje alternative tankar - får friheit til dette utan å bli straffa økonomisk og utan å bli «kriminalisert».

Det er ein urett å bli haldne utanom prosessen med å forvalte villreinen og naturgrunnlaget på Dovrefjell, og at enkeltindivid som talar naturen si sak vert «straffa» i domstolane.

Vi ber Sivilombodet om ei vurdering av også dette.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Vedlegg:

Dom avsagt den 28 mars i år i Møre og Romsdal Tingrett - Sak nr.: 23-046927TVI-TMOR/TKRU

Brev frå FNF Møre og Romsdal til Miljødir. av 6. sept. 2023



Brev frå Miljødir. til FNF Møre og Romsdal av 20. sept. 2023

Utskrift frå Lovdata 28.09.2023 - Karnov lovkommentarer til Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven) § 10

Utskrift frå Lovdata 28.09.2023 - Karnov lovkommentarer til Lov om vegar (veglova) § 1a

Norges Høyesteretts ankeutvalg - Beslutning. - HR-2015-2551-U - Rt-2015-1495